



Medlemslista for Hobbyklubben i Bedehuset inneheld 25 namn når haustsesongen no er avslutta og det er leinga svært fornøgd med. Medlemmene har vore omtrent likt fordelt på gruppene for mat, film, hobby og avis. Dei er født i 2001, 2002 og 2003, flest i det siste årskullet.

Ikveld vart haustsesongen runda av på tradisjonelt vis med grautservering, bingo og mykje vakker song. Det er ikkje minst gjennom songen dei unge har imponert denne hausten. På biletet over er leiar Thore Mathiesen i full gang med serveringa av grauten.

Foto: Ola Matti Mathisen